

1	Innleiing	1
2	1 Fylkeskommunen – ansvar og rolle.....	2
3	1.1 Sikre fylkeskommunen	2
4	1.2 Ansvar og rolle	2
5	1.3 Samarbeid som styringsform	3
6	1.4 Utfordrande økonomi.....	3
7	2 Samferdsle	4
8	2.1 Trygt fram i heile Vestland.....	4
9	2.2 Enkelt å reisa, enkelt å velja grønt	5
10	2.2.1 Heile Vestland	5
11	2.2.2 Bergensområdet.....	6
12	2.3 Framkome og tryggleik først.....	6
13	2.3.1 Heile Vestland	7
14	2.3.2 Bergensområdet.....	7
15	2.4 Trygt å gå og sykla	8
16	2.5 Sjøvegen som framtidsveg.....	8
17	2.6 Meir tog og smartare fly	9
18	2.7 Offentleg eigarskap og styring.....	9
19	3 Opplæring.....	10
20	3.1 Ein sterk fellesskule for alle	10
21	3.2 Ein sterk offentlig fellesskule	11
22	3.3 Læring, meistring og inkludering	12
23	3.4 Undervisning og vurdering	13
24	3.5 Ein skule som gir alle ein veg vidare	14
25	3.6 Yrkesfag og vegen til arbeidslivet.....	15
26	3.7 Investere i skular for framtida	15
27	4 God tannhelse for alle.....	16
28	4.1 Ei sterk offentlig tannhelseteneste	17
29	4.2 Fleire skal få eit godt tannhelsetilbod	17
30	5 Kultur, idrett og frivilligheit: Meir å leva for.....	18
31	5.1 Eit levande kulturliv.....	19
32	5.2 Kultur gjennom heile livet	20

33	5.3 Kulturarv for framtida	20
34	5.4 Inkludering og mangfald	21
35	5.5 Aktive liv i heile fylket	21
36	6 Natur, energi, klima og miljø	22
37	6.1 Natur	22
38	6.2 Energi	23
39	6.3 Klima	24
40	6.4 Miljø	25
41	7 Næring og verdiskaping	26
42	7.1 Arbeid å leva av i heile Vestland	26
43	7.2 Innkjøp med klimakrav byggjer framtidsretta industri	26
44	7.3 Industri	27
45	7.4 Havbruk, fiske og oppdrett	29
46	7.5 Reiseliv	30
47	7.6 Landbruk og skogbruk	31
48	7.7 Tilskot, eigarskap og plan	32
49	7.8 Energi til næringslivet	34
50	8 Arbeidsliv	34
51	8.1 Medbestemming, tillitsreform og attraktive arbeidsplassar	35
52	8.2 Inkluderande arbeidsliv	36
53	8.3 Mot konkurranseutsetting og privatisering, meir eigenregi	36
54	8.4 Seriøsitet i arbeidslivet og kamp mot sosial dumping	37

55

56

57

58

59

60

61

62

Førsteutkast til fylkesvalprogram for Vestland SV

Innleiing

I ei verd som kjennest meir utrygg enn på lenge, er det lett å føle seg sårbar og makteslaus. På Vestlandet ser vi mange teikn på utfordringane vi står overfor som samfunn. Mange opplever at pengane ikkje strekk til, samstundes som nokre få tener svimlande summar og skapar større forskjellar. Også her vest er antidemokratiske krefter på frammarsj og spreier kvinnehat, rasisme og homofobi. Menneskeskapte klimaendringar gir villare vêr og utløyser flaumar og ras over heile fylket. Sentraliseringa skyt fart og trugar velferda i mange lokalsamfunn. Den verdskjende vestlandsnaturen blir bygd ned bit for bit, og gruveavfall blir dumpa i fjordane. Utslepp og rømmingar frå oppdrettsanlegg øydelegg både for villaksen og havmiljøet.

Småbruk og industri blir lagde ned. Bergen blir kvelt av biltrafikk, medan det manglar gul midtstripe og rassikring på mange vegar i distrikta. Internasjonale kapitalkrefter bruker krafta frå elvar og fossar til å produsere kryptovaluta og kattevideoar i staden for arbeidsplassar. Slik kan vi ikkje fortsetje!

SV er eit sosialistisk parti. Vi arbeider for rettferdig fordeling, velferd for alle, små økonomiske forskjellar og demokratisk forvalting av naturressursar og samfunnsmessig infrastruktur.

SV er eit klima- og miljøparti. Vi arbeider for eit samfunn der vi tek vare på naturen og kjempar mot menneskeskapte klimaendringar.

SV er eit feministisk parti. Vi arbeider for eit samfunn der alle menneske har råderett over eigen kropp og like moglegheiter, uavhengig av kjønn, kjønnsidentitet, seksuell orientering og kjønnsuttrykk.

87 SV er eit antirasistisk parti. Vi arbeider for eit inkluderande og raust samfunn der alle
88 menneske får høve til å bidra med ressursane sine, uavhengig av kvar dei kjem frå eller
89 kva hudfarge dei har.

90 Når kriser trugar frå mange kantar, er solidaritet og velferd den viktigaste beredskapen
91 vår. SV stiller til val i Vestland fylke for å stanse naturødelegging, kutte utslepp av
92 klimagassar, styrkje velferda, redusere økonomiske forskjellar og skape trygge
93 arbeidsplassar. Slik kan alle som bur på Vestlandet få høve til å leve gode og trygge liv.

94 1 Fylkeskommunen – ansvar og rolle

95 1.1 Sikre fylkeskommunen

96 SV vil sikre fylkeskommunen som eit sterkt og demokratisk regionalt nivå.
97 Fylkeskommunen løyser oppgåver som er for store til at den enkelte kommune kan ta
98 dei åleine, men som samtidig bør styrast nærare innbyggjarane enn gjennom staten. SV
99 vil halde på fylkeskommunane som eit regionalt nivå i styringa av utviklinga i landet. Å
100 legge ned fylkeskommunane ville medverke til ei overføring av makt til statlege organ
101 eller ei kraftig sentralisering av kommunane, og med det eit svekka demokrati som
102 resultat.

103 Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune vart slegne saman til
104 Vestland fylkeskommune frå 1. januar 2020. Vestland vart ikkje oppløyst, slik som
105 Troms og Finnmark, Viken og Vestfold og Telemark. Vestland fylkeskommune har såleis
106 snart eksistert og verka gjennom to valperiodar, i åtte år.

107 1.2 Ansvar og rolle

108 Fylkeskommunen har eit direkte ansvar for fleire av dei viktigaste tenestene i kvardagen.
109 Det gjeld mellom anna opplæring, med dei vidaregåande skulane, samferdsle, med
110 fylkesvegane og kollektivtransporten, og kultur, idrett og inkludering. Fylkeskommunen
111 har også eit meir indirekte ansvar, men like viktig, på område som næring, miljø,
112 folkehelse og arbeidsliv. Her handlar rolla mellom anna om å samordne innsats, utvikle
113 politikk og legge til rette for samarbeid mellom kommunar, næringsliv, organisasjonar
114 og staten. På område som natur, energi og miljø har fylkeskommunen eit koordinerings-

115 og samordningsansvar som skal bidra til å redusere klimagassutslepp og sikre
116 naturmangfaldet.

117 Med den geopolitiske situasjonen og krig i land nær oss er det også fylkeskommunen si
118 oppgåve å samordne arbeidet med beredskap svært viktig.

119 Fylkeskommunen skal med andre ord ikkje berre forvalte tenester, men også vere ein
120 regional utviklingsaktør. Vestland er eit stort og mangfaldig fylke, og mange av
121 utfordringane våre stoppar ikkje ved kommunegrensene. Då treng vi eit regionalt nivå
122 som kan sjå heilskapen og ta ansvar for utviklinga av fylket.

123 1.3 Samarbeid som styringsform

124 SV vil bygge styringa av Vestland på formannskapsprinsippet, med mål om så brei
125 semje som mogleg i viktige saker. SV avviser derfor parlamentarisme/fylkesregjering
126 som styringsform i fylkeskommunen. SV har medverka aktivt i utforminga og
127 gjennomføringa av fylkespolitikken gjennom ein samarbeidskoalisjon som har hatt
128 fleirtal. Med det har vi greidd å halde høgresida ute av styringa av Vestland. Det har gitt
129 oss høve til å vere med styre utviklinga i Vestland, og det er også eit mål for arbeidet i
130 komande periode (2027–2030).

131 1.4 Utfordrande økonomi

132 Vestland fylkeskommune har ein utfordrande økonomi, med trange driftsrammer og
133 høg gjeld. Samtidig står fylkeskommunen framfor endringar i folkesamansetnaden.
134 Færre ungdommar vil på sikt påverke behovet for vidaregåande opplæring, og vil kunne
135 gi ytterlegare utfordringar for rammene til fylkeskommunen. Vestland har allereie
136 utfordringar med å ha rammer både til samferdsle og opplæring på eit nivå som sikrar
137 gode og rimelege tenester, og samtidig kunne gjennomføre heilt naudsynte
138 investeringar. Vi treng eit godt kollektivtilbod, og vi treng godt framkomelege og trygge
139 fylkesvegar. Samtidig skal vi sikre eit godt vidaregåande opplæringstilbod i heile fylket.

140 SV meiner at det må ta lengre tid før endringar i folkesamansetnaden gir seg utslag i
141 lågare økonomiske rammer. Det er viktig å bruke tid på å tilpasse verksemda til andre
142 økonomiske føresetnader, framfor å gjennomføre raske og omfattande kutt i tenestene.

143 Ein sterk fylkeskommune krev også at staten gir fylkeskommunane økonomiske
144 rammer som gjer det mogleg å løyse oppgåvene dei er sette til å løyse. Dersom
145 fylkeskommunen skal kunne ta ansvar for opplæring, samferdsle og regional utvikling,
146 må det følgje ressursar med ansvaret.

147 2 Samferdsle

148 2.1 Trygt fram i heile Vestland

149 Vestland er eit fylke med byar og bygder, fjordar og fjell, og lange avstandar. Gode
150 transportløysingar er avgjerande for at folk skal kunna bu, arbeida og leva gode liv i heile
151 fylket. Samferdsle handlar om infrastruktur, men også om folkehelse, livskvalitet,
152 næringsutvikling og miljø.

153 Samstundes står Vestland overfor store utfordringar. Mange opplever eit kollektivtilbod
154 som ikkje er godt nok eller føreseieleg nok i kvardagen, særleg utanfor dei største
155 byane. Skal fleire velja buss, båt og bane, må tilbodet vera til å stola på, med gode
156 overgangar, høg frekvens og billetter folk har råd til. I Bergensområdet ser me
157 samstundes at biltrafikken framleis ikkje går ned, trass i klare klima- og miljømål.
158 Likevel blir det framleis planlagt for auka vegkapasitet inn mot byen, noko som risikerer
159 å skapa meir biltrafikk, større utslepp og meir press på natur og areal.

160 SV vil ha eit transportsystem som set menneske, klima og natur først. Me vil gjera
161 kvardagen enklare for folk, samstundes som me kuttar utslepp, tek vare på naturen og
162 styrkjer beredskapen. Transportløysingane me vel i dag, vil påverka lokalsamfunn og
163 natur i generasjonar framover. Det er eit overordna mål for SV at alle skal ha høve til å
164 reisa trygt og effektivt til ein rimeleg pris. Derfor må kollektivtransport, jernbane,
165 sjøtransport, gang- og sykkelveggar og vegnettet elles utviklast som eitt heilskapleg
166 transportsystem.

167 Vestland har store utfordringar knytt til rasfarlege veggar, eit enormt
168 vedlikehaldsetterslep og eit vegnett som mange stader ikkje er rusta for framtida. SV
169 meiner fellesskapet sine ressursar skal brukast der dei gjev størst nytte for folk flest.

170 Derfor vil me prioritera utbetring og vedlikehald av eksisterande vegnett framfor
171 kostbare prosjekt som bind opp ressursar og fører til unødvendige naturinngrep.

172 SV sin samferdslepolitikk skal bidra til å byggja sterke lokalsamfunn, attraktive byar og
173 levande bygder. Han skal gjera det lettare å velja kollektivtransport, gange og sykkel,
174 samstundes som han sikrar gode og trygge vegar for dei som er avhengige av bil. SV vil
175 føra ein politikk som bind fylket saman, tek vare på naturen og gjer det mogleg å leva
176 gode liv i heile Vestland.

177 2.2 Enkelt å reisa, enkelt å velja grønt

178 Kollektivtransporten er heilt sentral for at me skal nå klimamåla. I Bergensområdet må
179 meir av persontransporten skje med buss, bybane, båt og tog framfor privatbil. I
180 distrikta treng ein eit føreseieleg og tilgjengeleg kollektivtilbod som gjev folk reelle
181 transportval til skule, arbeid og tenestetilbod. SV vil styrkja kollektivtilbodet og leggja til
182 rette for at fleire kan reisa kollektivt i kvardagen. Bybanen er eitt av dei største og
183 viktigaste samferdsleprosjektet i Vestland. Han er det mest effektive klimatiltaket innan
184 transport i Bergensområdet, gjev høg transportkapasitet på lite areal og legg til rette for
185 berekraftig byutvikling. Ei vidare utbygging av Bybanen er avgjerande dersom Bergen
186 skal nå måla om mindre biltrafikk, lågare utslepp og meir attraktive byområde.

187 2.2.1 Heile Vestland

188 **SV vil:**

- 189 • styrkja ekspressbusstilbodet i Vestland og tilgrensande område gjennom
190 hyppigare avgangar, betre korrespondansar og eit større offentleg ansvar.
- 191 • byggja ut eit føreseieleg kollektivtilbod med faste avgangstider og hyppige
192 avgangar på dei viktigaste busslinjene i fylket.
- 193 • satsa på fleksible kollektivløysingar og samkøyring som gjer det enklare å reisa i
194 område med spreidd busetnad, og vurderer bruk av kunstig intelligens for å
195 organisera dette.
- 196 • at fylkeskommunen skal samarbeida med større arbeidsplassar og private
197 bedrifter om finansiera og organisera pendlarruter for tilsette.

- 198 • seia nei til hop-on/off-bussar, og bruka inntekter frå turistskatt til å styrkja det
- 199 lokale kollektivtilbodet.
- 200 • utvida barnebilletten til fylte 18 år.
- 201 • setja ned prisen på og utvida ungdomskortordninga.
- 202 • auka studentrabatten til 50 prosent.
- 203 • auka varigheita på enkeltbillett.

204 2.2.2 Bergensområdet

- 205 • byggja bybane til Åsane så raskt som mogleg med sykkelveg langs heile traseen,
- 206 og vurdere etappevis utbygging til Sandviken først.
- 207 • jobba for auka finansiering av kollektivtransporten og sikra minst 80 prosent
- 208 statleg dekning av bybaneprosjektet.
- 209 • bevare og satsa på trolleybussen i Bergen.
- 210 • styrkja busstilbodet gjennom fleire avgangar, betre regularitet og kortare
- 211 reisetid.
- 212 • ha fleire ekspressbussavgangar for pendlarar i Bergensområdet.
- 213 • bruka bompenginntekter til å styrkja og drifta kollektivtilbodet.
- 214 • sørgja for at det alltid er rimelegare å reisa kollektivt enn å køyra gjennom
- 215 bomringen i Bergen.
- 216 • gjennomgå sonestrukturen for å sikra eit rimelegare kollektivtilbod i sone A.

217

218 2.3 Framkome og tryggleik først

219 Eit godt vegnett handlar først og fremst om tryggleik, beredskap og framkome. SV
220 meiner at me får mest att for å investera i dei vegane folk brukar kvar dag. Derfor vil me
221 prioritera rassikring, vedlikehald og trafikktryggleik med gul midtstripe framfor dyre
222 prestisjeprosjekt som krev store naturinngrep. Målet er eit vegnett som gjer det mogleg
223 å bu og arbeida i heile Vestland.

224 2.3.1 Heile Vestland

225 **SV vil:**

- 226 • prioritera utbetring og vedlikehald av fylkesvegane, og arbeida for ei monaleg
- 227 auke av statlege midlar til rassikring på fylkesveg.
- 228 • ikkje ha nye firefelts motorvegar i Vestland.
- 229 • få fortgang på vidare planlegging og utbygging av K5 Stanghelle-Voss, og
- 230 dimensjonera ned vegstandarden mellom Arna-Trengereid til tofeltsveg.
- 231 • ha ein rassikker og trygg kyststamveg E39 med gul stripe.
- 232 • skrota ferjefri E39 med fjordkryssingar over Bjørnafjorden, Sognefjorden og
- 233 Nordfjord.
- 234 • gå imot nye ferjeavløysingsprosjekt som har negative konsekvensar for klima og
- 235 natur.
- 236 • unngå å bruka bompengar til å finansiera vegutbygging i distrikta.
- 237 • redusera fartsgrensene på vegar i byar og tettbygde strøk til 30 og 40 km/t.
- 238 • ha maksimal fartsgrense 80 km/t på motorvegar for å spara natur og miljø, og
- 239 leggja til rette for kollektivfelt.

240 2.3.2 Bergensområdet

- 241 • ha ny tofeltstunnel bak Grimesvingane.
- 242 • innføra miljøfartsgrenser på 60 km/t på innfartsårane til Bergen
- 243 • etablera kollektivfelt på alle innfartsårane til Bergen, og bruka meir
- 244 signalprioritering for kollektiv på fylkesveg.
- 245 • prioritera den gamle Sotrabraua til kollektivtransport.
- 246 • etablera nullutsleppssonar i Bergen sentrum og særleg utsette bydelar.
- 247 • bruka bompengar for å redusera biltrafikken, særleg i rushtida, i
- 248 Bergensområdet.
- 249 • flytta innfartsparkeringsplassar frå enkelte bydelar i Bergen til
- 250 omegnskommunane, slik at parkeringsplassane faktisk bidreg til å redusera
- 251 biltrafikken.

252

253 2.4 Trygt å gå og sykla

- 254 Korleis me legg til rette for gåande og syklande, påverkar både folkehelsa,
- 255 trafikktryggleiken og lokalsamfunna våre. SV vil byggja nærmiljø der fleire kan gå og

256 sykla til skule, arbeid, fritidsaktivitetar og daglege gjeremål. Då må det vera trygt, enkelt
257 og attraktivt å velja dei aktive reisemåtane.

258 **SV vil:**

- 259 • prioritera gang- og sykkelvegar langs skulevegar og andre strekningar med
260 mange mjuke trafikantar.
- 261 • etablera eit samanhengande sykkelvegnett i Bergen
- 262 • ha sykkelvegar som er fråskilt frå andre trafikantgrupper.
- 263 • at alle nye samferdsleprosjekt inkluderer gode løysingar for gåande og syklande.
- 264 • etablera trygg og funksjonell sykkelparkering ved kollektivknutepunkt og
265 offentlege bygg.
- 266 • styrkja drift og vedlikehald av gang- og sykkelvegar, inkludert vintervedlikehald.
- 267 • betra samarbeidet med kommunane om brøyting og strøing av kommunale og
268 fylkeskommunale vegar og fortau.
- 269 • arbeida for bilfrie hjartesonar rundt skular i heile fylket.
- 270 • ha bysykkelordning som del av kollektivtilbodet gjennom Skyss.

271

272 **2.5 Sjøvegen som framtidsveg**

273 Vestland er bygd rundt fjordane våre og kystlinja, og sjøtransporten har vore viktig i
274 generasjonar. Ferjer og båtar er ein naturleg del av kollektivtilbodet og
275 transportsystemet i fylket vårt. Sjøen er vedlikehaldsfri og rassikker, og derfor vil SV
276 vidareutvikla sjøtransporten som eit tilgjengeleg og utsleppsfritt transporttilbod, og vil i
277 større grad ta i bruk sjøvegen som den ressursen han er.

278 **SV vil:**

- 279 • elektrifisera alle hurtigbåtrutene i Vestland.
- 280 • satsa på båtrutene i Sunnhordlandsbassenget.
- 281 • arbeida for ei utsleppsfri “flaggrute” mellom Bergen og Stavanger.
- 282 • integrera Beffen i det ordinære kollektivtilbodet.
- 283 • utgreia høva for eit større og utsleppsfritt hurtigbåtsystem i Bergensområdet.
- 284 • arbeida for å styrkja ferjesambanda på E39.

- 285 • redusera omfanget av cruisetrafikken, stilla strengare krav til utslepp og bruk av
286 landstraum ved anløp, og gå imot etablering av nye cruisehamner i Vestland.
287

288 2.6 Meir tog og smartare fly

289 Jernbane og fly knyter Vestland saman med resten av landet og verda. SV meiner at
290 jernbanen må spela ei større rolle i transportsystemet fordi han er arealeffektiv,
291 energieffektiv og kan frakta både folk og gods med låge utslepp. Samstundes vil
292 flytrafikken framleis vera viktig på enkelte strekningar og for delar av landet der andre
293 alternativ ikkje finst. SV vil leggja til rette for at fleire reiser og meir gods kan flyttast frå
294 fly og veg til bane, og støttar elektrifisering av luftfarta.

295 **SV vil:**

- 296 • prioritera utbygging og opprusting av Bergensbanen og Vossabanen.
297 • arbeida for kortare reisetid og auka kapasitet for passasjerar og gods på
298 jernbanen mellom Bergen og Oslo
299 • utvida takstsamarbeidet mellom tog og øvrig kollektivtransport.
300 • sikra framdrift i K5-prosjektet for ny jernbane og rassikker veg mellom Bergen og
301 Voss.
302 • arbeida for offentleg drift av Flåmsbana.
303 • seia nei til bygging av ny rullebane på Bergen lufthavn, Flesland.
304 • leggja til rette for utvikling og bruk av utsleppsfrie fly på kortbanenettet.

305

306 2.7 Offentleg eigarskap og styring

307 Samferdsle er ein del av den grunnleggjande infrastrukturen i samfunnet og bør styrast
308 til beste for innbyggjarane, ikkje etter kommersielle interesser. SV meiner at
309 fellesskapet skal ha kontroll over transporttilbodet, infrastrukturen og
310 samferdsleinvesteringane. Offentleg eigarskap og demokratisk styring gjev betre
311 moglegheiter til å sikra gode tenester, trygge arbeidsvilkår og langsiktige prioriteringar.
312 Samstundes må politikken bidra til å nå klimamåla våre. Derfor må det offentlege bruka
313 innkjøpsmakta si aktivt for å driva fram utsleppskutt og ny teknologi.

314 Kollektivtransporten skal vera ein del av løysinga på klima- og naturkrisa, samstundes
315 som han er tilgjengeleg og attraktiv for alle.

316 **SV vil:**

- 317 • ha drift og vedlikehald av kollektivtransporten i fylkeskommunal eigenregi, og
318 avskaffa anbudsregimet.
- 319 • seia nei til offentleg-private samarbeid (OPS) i samferdsleprosjekt.
- 320 • stilla krav om nullutslepp i alle nye anbod og innkjøp innan kollektivtransport og
321 fylkeskommunale køyretøy.
- 322 • bruka offentlege anbod aktivt for å driva fram utsleppskutt og ny teknologi i
323 transportsektoren.
- 324 • seia nei til reklame på kollektivtransport, haldeplassar og offentlege rom.
- 325 • at fylkeskommunen ikkje skal delta i lobbyselskap og interesseorganisasjonar
326 for samferdsleprosjekt.

327 3 Opplæring

328 3.1 Ein sterk fellesskule for alle

329 Opplæring og kompetanse er avgjerande for det enkelte mennesket og for utviklinga av
330 samfunnet. Den vidaregåande skulen skal gi ungdom og vaksne kunnskap, dugleik og
331 meistring, og ein veg vidare til arbeidslivet eller høgare utdanning.

332 Vestland har gode vidaregåande skular, høg gjennomføring og elevar og lærlingar som i
333 stor grad trivast, er motiverte og meistarar. Samstundes står vi overfor utfordringar som
334 krev politiske svar. For mange elevar opplever manglande motivasjon, ufrivillig fråvær,
335 mobbing eller andre barrierar for å fullføre. Vidaregåande opplæring er ikkje godt nok
336 tilpassa elevar med svakt fagleg grunnlag, den mangfaldige elevgruppa eller behova i
337 arbeidslivet.

338 Vestland SV meiner den offentlege fellesskulen er ein av dei viktigaste berebjelkane i
339 velferdsstaten. Skulen skal romme mangfaldet av elevar og gi alle den opplæringa dei
340 treng. Det krev gode økonomiske rammer, dyktige fagfolk, trygge arbeidsforhold og eit
341 sterkt lag rundt eleven. Målet er å fornye og forbetre den vidaregåande opplæringa og

342 auke gjennomføringa, gjennom ein skulepolitikk som set læring, meistring, trivsel og
343 fellesskap først.

344 3.2 Ein sterk offentleg fellesskule

345 Den offentlege skulen skal vere førstevalet. Vestland har mange private vidaregåande
346 skular, og eit auka tal private skular kan bidra til å svekkje den offentlege skulen, med
347 færre skular og eit smalare fagtilbod. Samstundes er Vestland fylkeskommune ein stor
348 arbeidsgivar, der dei fleste tilsette arbeider i opplæringssektoren. Skal vi lukkast med å
349 gi alle elevar eit godt tilbod, må dei som arbeider i skulen ha trygge, gode og
350 føreseielege arbeidsforhold.

351 Skulane må ha økonomi til å møte behova elevane har. Det gjeld både den ordinære
352 undervisninga og tilpassa og individuelt tilrettelagd opplæring. Ressursfordelinga må
353 sikre at skulane har føresetnader for å gi eit godt tilbod, også når elevgruppa har ulike
354 behov.

355 **SV vil:**

- 356 • prioritere den offentlege fellesskulen framfor ei utvikling der private skular tek
357 ein stadig større del av opplæringa
- 358 • sikre skulane økonomiske rammer som gjer det mogleg å gi elevane den
359 opplæringa dei har krav på
- 360 • halde på dagens ressursfordelingsmodell, med ein kombinasjon av klasse- og
361 elevfinansiering
- 362 • arbeide for at talet på ungdommar mellom 16 og 24 år blir lagt til grunn for dei
363 statlege økonomiske rammene til fylkeskommunen
- 364 • sikre tilstrekkelege ressursar til tilpassa opplæring (TPO) og individuelt
365 tilrettelagd opplæring (ITO)
- 366 • sikre trygge, gode og føreseielege arbeidsforhold for lærarar og andre tilsette.

367 3.3 Læring, meistring og inkludering

368 Skulen skal vere ein stad der elevane blir sett, opplever å høyre til og får høve til å lære
369 og mestre. Vestland SV vil halde fast på måla i «Fornye og forbetre – auka

gjennomføring»: trivsel, motivasjon, læring og meistring i eit inkluderande miljø. Den vidaregåande opplæringa skal ha god samanheng frå grunnskule til arbeidsliv eller høgare utdanning, og skulen skal vere ein viktig utviklingsarena for ungdom, vaksne og arbeidsliv.

Eit godt samansett lag rundt eleven er avgjerande. Lærarar, miljøarbeidarar, rådgivarar, skulehelsetenesta og andre faggrupper må ha tid og ressursar til å følgje opp elevane. Samstundes må skulen og rettleiingstenestene møte elevane med ei styrkebasert tilnærming. Vi skal sjå etter kva eleven kan, kva som motiverer, og kva som skal til for at hen skal lukkast. Elevane skal også få utvikle skaparglede, engasjement og forskartrong, lære å tenkje kritisk og handle etisk og miljøbevisst. Elevane skal ha medansvar og reell rett til medverknad. Det er også behov for meir praktisk arbeid, handverk og fysisk aktivitet i skulekvardagen. Ein inkluderande skule handlar dessutan om heile skulekvardagen. Elevane må ha ein trygg stad å vere, tilgang til sunn mat og høve til å delta i fellesskapet.

SV vil:

- styrkje laget rundt eleven, mellom anna gjennom fleire miljøarbeidarar og miljøkoordinatorar, utan at dette fører til redusert tal kvalifiserte lærarar.
- styrkje skulehelsetenesta i samarbeid med kommunane, slik at elevane har tilgang til helsetenester kvar skuledag
- styrkje skulebiblioteka som ein del av læringsmiljøet
- styrkje elev- og lærlingombodet og mobbeombodet
- utvikle elevdemokratiet og sikre reell elevmedverknad
- at skulen, lærarane og rettleiingstenestene skal arbeide styrkebasert
- sikre at tilpassa opplæring fungerer frå første skuledag
- utvikle fleksible og alternative læringsarenaer for elevar som treng det i kortare eller lengre periodar
- halde oppe og utvikle produksjonsskulane Hyssingen og Ulvik, og la opplæringa der kunne inngå som ein del av vidaregåande opplæring
- utvikle meistringsavdelingar ved dei vidaregåande skulane
- etablere «hubbar» der elevar kan få hjelp, arbeide og få rettleiing

- 400 • halde fram med gratis skulefrukost ved alle skulane
- 401 • sikre kantinedrift med låge prisar og sunn mat
- 402 • oppretthalde gratis sanitærprodukt på skulane
- 403 • arrangere open skule, særleg for elevar som ikkje bur heime
- 404 • gi fleire elevar høve til praktisk arbeid, handverk og fysisk aktivitet som ein del av
- 405 opplæringa
- 406 • utvide tilbodet om leksehjelp etter skuletid
- 407 • sikre papirlause barn og unge fulle rettar til opplæring.

408 3.4 Undervisning og vurdering

409 Skulen skal først og fremst vere ein stad for læring. Då trengst nok lærarar, gode
410 arbeidsvilkår og tid til å følgje opp elevane. Mindre klassar kan gi læraren betre høve til å
411 sjå kvar enkelt elev, særleg på studieførebuande utdanningsprogram. Ein kontaktlærer
412 må også ha ansvar for eit overkomeleg tal elevar.

413 Undervisninga må samstundes utviklast i takt med samfunnet. Elevane må lære å bruke
414 KI og digitale verktøy kritisk og etisk, medan skulen sjølv bør ha større digital sjølvstende
415 og vere mindre avhengig av dei største teknologiselskapa. Vurderingsformene må også
416 utviklast i takt med ein stadig meir digital skulekvardag.

417 **SV vil:**

- 418 • redusere klassestorleiken når økonomien tillèt det, særleg på studieførebuande
- 419 utdanningsprogram
- 420 • ha éin kontaktlærer per 15 elevar
- 421 • utvikle nettskulen som eit viktig supplement til ordinær undervisning
- 422 • prøve ut og utvikle gode måtar å bruke KI og digitale hjelpemiddel i undervisninga
- 423 på
- 424 • styrkje elevane si evne til kritisk og etisk bruk av KI og digitale verktøy
- 425 • arbeide for større digital sjølvstende i skulen og mindre avhengigheit av dei
- 426 største teknologiselskapa
- 427 • utvikle vurderingsformer som er tilpassa ein digital skulekvardag
- 428 • prøve ut alternative eksamensformer og andre vurderingsformer

- styrkje undervisninga i demokrati og medborgarskap.

3.5 Ein skule som gir alle ein veg vidare

Elevane er ulike, og skulen må derfor tilby fleire vegar til læring og fullføring. Nokre elevar treng meir praktisk opplæring, andre treng tettare oppfølging eller alternative måtar å organisere skuledagen på. Ei styrka rettleiingsteneste skal bidra til at fleire får hjelp før dei fell ut.

Inntakssystemet må samtidig kombinere høvet til å velje utdanning med retten til ein nærskule. Dette er særleg viktig i Bergen, der dagens store inntaksområde gjer at nærskuleprinsippet ikkje fungerer godt nok.

Vestland skal ha ein desentralisert skulestruktur med eit breitt og variert programtilbod. Endringar i tilbodsstrukturen må byggje på den heilskaplege planen og kunnskap om elevtalsutviklinga.

SV vil:

- styrkje oppfølgingstenesta og PPT med fleire tilsette og sikre at tenestene er tett på skulane
- evaluere korleis rettleiingstenestene fungerer samla
- leggje ei styrkebasert tilnærming til grunn for rettleiingsarbeidet
- sikre retten til omval og kryssløp, slik at elevar til dømes kan gå frå studieførebuande til yrkesfag utan å måtte ta eit heilt år på nytt
- halde fast på ein desentralisert vidaregåande skulestruktur
- sikre eit breitt og variert programtilbod i dei ulike inntaksområda
- bruke den vedtekne heilskaplege planen som grunnlag for endringar i tilbodsstrukturen
- rullere planen minst éin gong i perioden
- styrkje nærskuleprinsippet slik at færrest mogleg skal måtte flytta heimefrå for å gå på vidaregåande skule og særleg Vg1
- dele stor-Bergen inn i fleire inntaksområde
- vidareføre modellen med tilleggspoeng for elevar som bur i inntaksområdet sitt
- arbeide vidare med alternativ til eit reint karakterbasert inntak

- 458 • sikre gode tilbud på VG4, også i distrikta
- 459 • halde fram med internasjonal utveksling.

460 3.6 Yrkesfag og vegen til arbeidslivet

461 Yrkesfaga skal gi ungdom ein reell veg inn i arbeidslivet. Det krev gode skuleløp,
462 relevante praksisplassar og læreplassar. Dimensjoneringa av yrkesfaga må derfor
463 sjåast i samanheng med behovet for fagarbeidarar og tilgangen på læreplassar i dei
464 ulike inntaksområda.

465 **SV vil:**

- 466 • sikre alle som ønskjer yrkesfag ein læreplass
- 467 • sikre gode praksisplassar og tett oppfølging i yrkesfagleg fordjuping (YFF)
- 468 • dimensjonere yrkesfagstilboda i tråd med tilgangen på læreplassar i dei ulike
469 inntaksområda
- 470 • ikkje opprette nye tilbud utan at det er ein plan for læreplassar etter to år på
471 skule
- 472 • utvikle tilbud med YSK/TAF ved fleire skular
- 473 • arbeide for yrkesfag med idrettstilpassing
- 474 • sikre at tilboda innan yrkesfag blir dimensjonerte etter både elevane sine ønskje
475 og behova i arbeidslivet.

476 3.7 Investere i skular for framtida

477 Ein sterk fellesskule krev gode bygg, verkstader og læringsarenaer. Investeringsane må
478 prioriterast etter behov, elevtalsutvikling og kva slags fagtilbod fylket skal ha i framtida.
479 Kapasiteten innan yrkesfag må særleg styrkjast i Bergen, der fleire eksisterande skular
480 har potensial for utviding og betre utnytting.

481 **SV vil:**

- 482 • realisere samanslåinga av dei to avdelingane ved Sotra vidaregåande skule med
483 nybygg når det nye Sotrasambandet er ferdig
- 484 • prioritere auka kapasitet innan yrkesfag i Bergen gjennom utviding, nybygg og
485 betre utnytting av eksisterande skular

- 486 • prioritere investeringar ved Laksevåg og Bergen maritime, Årstad, Slåtthaug og
487 Stend
- 488 • sikre nødvendige investeringar i Fagskulen Vestland
- 489 • vurdere Stord vidaregåande skule, byggetrinn 2, i samband med rulleringa av
490 tilbodsstrukturplanen
- 491 • oppgradere verkstadbygga og samlokalisere avdelingane ved Os vidaregåande
492 skule
- 493 • følgje opp behovet for nye eller utvida bygg ved mellom anna Austrheim og
494 Knarvik.

495 4 God tannhelse for alle

496 Tennene er ein del av kroppen. Derfor er det ingen god grunn til at tannhelse framleis
497 ikkje er ein fullverdig del av den norske velferdsstaten. I dag kan ei tannlegerekning på
498 fleire tusen kroner vera nok til at folk utset behandling eller let vera å oppsøkje
499 tannlegen. Det skaper større helseproblem, større utgifter og aukar dei sosiale
500 forskjellane i samfunnet.

501 SV meiner at alle skal ha råd til god tannhelse, uavhengig av inntekt og kor dei bur.
502 Målet vårt er at det ikkje skal kosta meir å gå til tannlegen enn til legen. Tannhelsa skal
503 ikkje avgjerast av storleiken på lommeboka, men av behovet for helsehjelp.

504 Tannhelsereforma er endeleg i gang, men det er framleis langt igjen før tannhelse er
505 likestilt med andre helsetenester. Fylkeskommunen har ansvaret for den offentlege
506 tannhelsetenesta, og må vera rusta til å ta imot fleire pasientar etter kvart som reforma
507 blir bygd ut. Derfor vil SV styrkje den offentlege tannhelsetenesta, byggja opp
508 kapasiteten og sikra eit godt og desentralisert tilbod i heile fylket.

509 Samstundes vil me bruka handlingsrommet fylkeskommunen har til å gjera
510 tannhelsetilbodet meir tilgjengeleg for fleire. SV vil at fleire skal kunna velja den
511 offentlege tannhelsetenesta, at fleire grupper skal få billegare eller gratis behandling,
512 og at førebygging skal få ein langt sterkare plass. Slik tek me nye steg mot målet om at
513 tannhelse skal vera ein naturleg del av den offentlege velferda vår.

514 4.1 Ei sterk offentlig tannhelseteneste

515 Ei tannhelsereform krev ei sterk offentlig tannhelseteneste. Når fleire får rett til
516 behandling, må kapasiteten byggjast ut i takt med rettane. SV vil styrkja den offentlege
517 tannhelsetenesta gjennom fleire tilsette, moderne klinikkar og eit godt desentralisert
518 tilbod i heile Vestland.

519

520 **SV vil:**

- 521 • sikra den desentraliserte tannklinikksstrukturen i heile Vestland
- 522 • byggja ut kapasiteten i den offentlege tannhelsetenesta slik at alle med rett til
523 offentlig tannbehandling får nødvendig behandling og oppfølging
- 524 • styrkja rekrutteringa av tannlegar, tannpleiarar og anna tannhelsepersonell, og
525 gjera den offentlege tannhelsetenesta til ein attraktiv arbeidsplass
- 526 • modernisera utstyr og lokale ved dei offentlege tannklinikane
- 527 • styrkja dei offentlege spesialisttenestene og vidareutvikla TK Vestland
- 528 • arbeida for eit sterkare spesialisttilbod i Sogn og Fjordane
- 529 • vidareføra og styrkja tannlegevakta i Bergen
- 530 • leggja til rette for at fleire betalande vaksne kan bruka den offentlege
531 tannhelsetenesta.

532 4.2 Fleire skal få eit godt tannhelsetilbod

533 Ingen skal måtta velja bort nødvendig tannbehandling fordi ho kostar for mykje. SV vil
534 utvida tilgangen til den offentlege tannhelsetenesta, styrkja det førebyggjande arbeidet
535 og sikra gode tannhelsetenestergjennom heile livet, frå barn og unge til eldre som treng
536 oppfølging.

537 **SV vil:**

- 538 • arbeida for at fleire grupper får gratis eller billegare tannbehandling i den
539 offentlege tannhelsetenesta

- 540 • prøva ut fleire tannhelsetenester i offentleg regi, mellom anna offentleg
- 541 kjeveortopedi
- 542 • styrkja det førebyggjande tannhelsearbeidet
- 543 • gje studentar i alle aldrar 75 % rabatt på tannhelsetenester.
- 544 • styrkja samarbeidet mellom tannhelsetenesta og kommunale helse- og
- 545 omsorgstenester for å sikra betre tannhelse for eldre og pleietrengande
- 546 • styrkja kompetansen til tannhelsepersonell til å avdekkja vald, overgrep og
- 547 omsorgssvikt.

548 5 Kultur, idrett og frivilligheit: Meir å leva for

549 Eit godt samfunn handlar ikkje berre om arbeid, utdanning og økonomi, men om alt som
550 gjer liva våre rikare: Kunst og kultur, idrett og friluftsliv, møteplassar, frivilligheit og
551 fellesskap. Det handlar om å kunne låna ei bok på biblioteket, oppleva ein konsert eller
552 ei teaterframsyning, spela i band eller korps, delta i idretten, gå på museum og bli kjend
553 med kulturarven der ein bur. SV meiner dette er verdier som skal vere tilgjengelege for
554 alle. Kultur, idrett og frivilligheit skapar tilhørsliv. Det byggjer lokalsamfunn, fremjar
555 folkehelse, og gjev menneske høve til å møtast på tvers av alder, bakgrunn og
556 livssituasjon. Eit levandekulturliv og eit rikt organisasjonsliv styrkjer demokratiet, og
557 gjev rom for kreativitet og kritisk tenking. Derfor er investeringar i kultur, idrett og
558 frivilligheit ei investering i fellesskapet vårt.

559 Vestland er eit fylke med eit mangfaldig kulturliv, verdifull kulturarv og engasjerte lag og
560 organisasjonar innan idrett, folkehelse og inkludering. Økonomi, funksjonsevne, bustad
561 eller sosial bakgrunn skal ikkje avgjera om ein kan ta del i kulturopplevingar og
562 frivilligheit. Alle skal ha moglegheit til å delta, skapa og oppleva uansett kven dei er og
563 kor dei bur. Fylkeskommunen har eit særleg ansvar for å leggja til rette for dette.
564 Gjennom bibliotek, museum, Den kulturelle skulesekken, kulturminneforvalting,
565 regionale kulturinstitusjonar, spelemidlar, idrettsanlegg, samarbeid med frivilligheita og
566 ei rekkje tilskotsordningar til kultur, idrett og inkludering, er fylkeskommunen heilt
567 sentral i arbeidet med å skapa dei gode lokalsamfunna og tilgjengelege møteplassane.
568 SV meiner fylkeskommunen i dette arbeidet skal vera ein pådrivar for eit mangfaldig
569 kulturliv, universell utforming og like moglegheiter for deltaking.

570 SV vil styrkja kunst- og kulturlivet, leggja til rette for at fleire får delta i idrett og friluftsliv,
571 ta vare på kulturarven, skapa leselyst hos barn og unge, og at frivilligheita skal bløma.
572 Me vil føra ein politikk som bryt ned barrierar og opnar fleire dører, slik at alle kan finna
573 sin plass i fellesskapet. Eit samfunn med små forskjellar er også eit samfunn med meir
574 livskvalitet. Derfor vil SV skapa eit Vestland med meir å leva for!

575 5.1 Eit levande kulturliv

576 Vestland har eit mangfaldig kulturliv, frå verdsleiande institusjonar og profesjonelle
577 kunstnarar til lokale eldsjeler og amatørkultur. Kultur byggjer samfunn, utfordrar og
578 engasjerer, og bind menneske saman. Eit levande kulturliv treng både profesjonelle
579 kunstnarar, frivillige krefter og gode arenaer for å skapa og oppleva kunst og kultur.
580 Festivalar, musikk, film, scenekunst og lokale kulturhus gjer Vestland rikare og meir
581 attraktivt å bu i. SV vil utvikla Vestland som det leiande kulturfylket i landet.

582 SV vil

- 583 • auka og prisjustera tilskota til kunst og kultur i Vestland, og særleg driftstilskota.
- 584 • at fylkeskommunen skal bruka meir pengar på kultursektoren.
- 585 • vera ei tydeleg stemme imot den geografiske skeivfordelinga av kulturmidlane
586 mot det sentrale Austlandet.
- 587 • oppretthalda finansieringa av nisjefestivalar innan litteratur, musikk, film og
588 teater.
- 589 • sikra nynorsk scenekunst gjennom eigarskapen i Det vestnorske teatret i Bergen
590 og Teater Vestland i Førde.
- 591 • byggja ein sterkare filmbransje på Vestlandet.
- 592 • styrkja kunstnarøkonomien og yte prosjekttilskot, føre dyre signalbygg

593 5.2 Kultur gjennom heile livet

594 Gode møte med kunst, kultur og litteratur formar oss gjennom heile livet. Biblioteka er
595 opne og demokratiske møteplassar. Den kulturelle skulesekken og Den kulturelle
596 spaserstokken gjer profesjonell kunst og kultur tilgjengeleg for fleire. SV vil styrkja desse
597 ordningane og leggja til rette for at alle får oppleva, læra og delta.

598 SV vil

- 599 • gjennomføra at regionalt leseløft for å styrkja leselysta blant barn og unge.
- 600 • styrkja folkebiblioteka som gratis og opne møteplassar i alle kommunar.
- 601 • styrkja skulebiblioteka ved dei vidaregåande skulane med kompetanse og
- 602 oppdaterte samlingar.
- 603 • sikra brei, skeiv litteratur, urfolkslitteratur og andre minoritetsperspektiv i
- 604 skulebiblioteka.
- 605 • sikra at barn og unge møter eit breitt mangfald av kunst- og kulturuttrykk
- 606 gjennom Den kulturelle skulesekken.
- 607 • vidareutvikla Den kulturelle spaserstokken i samarbeid med kommunane.

608 5.3 Kulturarv for framtida

609 Kulturarven fortel historia om kven vi er og kor vi kjem frå. Kulturminne, museum og
610 kulturmiljø skaper identitet, tilhøyrslø og forståing på tvers av generasjonar. SV vil ta
611 vare på kulturarven gjennom aktivt vern, berekraftig bruk og god formidling, slik at han
612 kan vera ein ressurs også for framtida.

613 **SV vil**

- 614 • arbeida for at det blir billegare å dra på museum for barn og unge, lærlingar og
- 615 heiltidsstudentar.
- 616 • bidra til å realisera nytt fellesmagasin for musea i Hordaland.
- 617 • vurdera vidare konsolideringar av musea i Vestland.
- 618 • arbeida for at staten aukar finansieringa til dei regionale musea med samlingar
- 619 av unik regional og nasjonal verdi,
- 620 • arbeida for at staten finansierer dei profesjonelle musea med 60 % i driftstilskot.
- 621 • styrkja bygningsverntenestene ved musea i Vestland.
- 622 • arbeida for at nye kulturbygg blir etablert i eksisterande bygg, gjennom gjenbruk
- 623 og tilpassing framfor riving og nybygg.
- 624 • sikra at skifertak, originale vindaugo og dører ikkje forsvinn frå private hus og
- 625 offentlege bygningar.

5.4 Inkludering og mangfald

Eit sterkt fellesskap skapast når alle får moglegheita til å delta. Mangfald gjer Vestland rikare, og ingen skal oppleve utanforskap eller diskriminering på grunn av funksjonsvariasjon, kjønn, seksualitet, etnisitet, tru eller økonomi. SV vil byggja eit samfunn der ulikskap blir møtt med respekt, like moglegheiter og reell inkludering.

SV vil

- styrkja og utvida ordninga med minoritetsrådgjevarar på dei vidaregåande skulane.
- auka støtta til organisasjonar som arbeider for å betra rettane og levekåra til skeive.
- prioritera tilskot til tiltak som skapar møteplassar og aktivitetar for menneske med flyktningbakgrunn.
- at fylkeskommunen skal fortsetja å ta ansvar for papirlause menneske ved å gje dei tilgang til opplæringstilbod, kollektivtransport og tannhelse.
- auka minoritetskompetansen i fylkeskommunen.
- auka støtta til Robin Hood Huset i Bergen.
- sikra fylkeskommunal støtte til Likestillingssenteret på Vestlandet.
- ha ei TT-ordning som gjev menneske høve til å leva aktive liv.

5.5 Aktive liv i heile fylket

Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv fremjar folkehelse, meistring og fellesskap gjennom heile livet. Alle skal ha moglegheit til å vera aktive, uavhengig av alder, funksjonsvariasjon, økonomi eller bustad. SV vil gjera det enklare å leva aktive liv gjennom gode anlegg, lågterskeltilbod, tilgang til naturen og eit sterkt samarbeid med idretten og frivilligheita

SV vil

- at det skal bli billegare for barn og unge å delta på fritidsaktivitetar.
- prioritera fylkeskommunale tilskot til lågterskel, fysisk aktivitet i heile fylket.
- få ned etterslepet på spelemidlar i Vestland.
- stimulera til oppretting av fleire frisklivssentralar i kommunane.

- 655 - gjera fylkeskommunale bygg og lokale vidaregåande skular tilgjengelege for
656 fritidsklubbar og andre ikkje-kommersielle ungdomstilbod.

657

658

659

660 6 Natur, energi, klima og miljø

661 Naturmangfaldet, klimaet og miljøet er grunnlaget for samfunna våre og liva våre. Å ta
662 vare på naturmangfaldet, redusere klimautsleppa og hindre nedbygging av natur er
663 avgjerande for livsgrunnlaget på jorda. Naturkrise og klimakrise forsterkar kvarandre. Vi
664 må verne meir natur, restaurere natur og redusere klimautsleppa, samtidig som vi sikrar
665 ei rettferdig omstilling som tek vare på arbeidsplassar og lokalsamfunn.

666 I paragraf 112 i Grunnlova og i naturmangfaldslova har Noreg eit sterkt lovverk som
667 sikrar retten til eit helsesamt miljø og ein natur der produksjonsevna og mangfaldet blir
668 haldne ved lag. Naturmangfaldslova slår fast at naturen, med sitt biologiske,
669 landskapsmessige og geologiske mangfald og økologiske prosessar, skal takast vare på
670 gjennom berekraftig bruk og vern.

671 Noreg har også slutta seg til naturavtala og internasjonale avtalar om å redusere
672 klimautsleppa og setje konkrete mål for utsleppskutt. Desse forpliktingane må følgjast
673 opp gjennom ein politikk som faktisk tek vare på naturen og reduserer utsleppa.

674 6.1 Natur

675 Å sikre naturmangfaldet og verne natur er viktig både for å hindre tap av artar og
676 økosystem og for å redusere utsleppa av klimagassar. Naturen har ein eigenverdi,
677 samtidig som menneske og samfunn er avhengige av dei økosystemtenestene naturen
678 gir oss. Vern av natur og reduserte klimautslepp heng derfor tett saman. Stort sett alle
679 hovudøkosystema på Vestlandet har blitt forringa sidan 1990, ifølgje årsmeldinga til
680 Vestland fylkeskommune for 2025. Arealendringar er den største trusselen i Vestland.
681 Dei fører til store klimagassutslepp og fjernar økosystemtenester som det vestlandske
682 samfunnet er avhengig av. Vi forsterkar naturrisikoen når vi byggjer ned eller forringar
683 natur vi treng, samtidig som arealendringane bidreg til klimagassutslepp.

684 Riksrevisjonen peikar på at ein stor del av nedbygginga av natur er irreversibel.
685 Inngrepsfri natur forsvinn, og nedbygging av areal har stor påverknad på både
686 naturmangfald og utslepp av klimagassar. Det ligg føre mange konkrete planar som vil
687 krevje store areal i kommunane i Vestland, mellom anna til vindkraftverk, gondolar,
688 industri- og hamneområde, hyttebygging, vegbygging og bustadbygging. Naturtapet
689 skjer ofte bit for bit. Når kvar utbygging blir vurdert for seg, kan den samla belastninga

690 på naturen forsvinne ut av vurderinga. Arealpolitikken må derfor ta utgangspunkt i kor
691 mykje natur som allereie er bygd ned, og kva den samla belastninga på økosystema er.

692 **SV vil**

- 693 • ta vare på naturen som har eigenverdi, og sikre intakte økosystem og
- 694 naturmangfald som grunnlag for menneske, samfunn og andre artar
- 695 • seie nei til utbyggingar som fører til store, varige eller irreversible naturinngrep,
- 696 som gondol til Jostedalsbreen
- 697 • prioritere allereie utbygde og sterkt påverka areal før nye naturområde blir bygde
- 698 ned
- 699 • at fylkeskommunen gjennom regionale planar skal ha klare mål for forvaltninga
- 700 av det samla arealet i fylket
- 701 • at regionale planar skal leggjast til grunn for uttalar til kommunale planar om
- 702 bruk av areal og natur til utbygging
- 703 • bruke motsegn dersom dialog ikkje fører fram
- 704 • byggje på dei same prinsippa i uttalar til sentrale styresmakter i viktige natur- og
- 705 arealsaker
- 706 • arbeide for at kommunar stoppar utbygging av vindkraft, industri, bustader,
- 707 næringar, hytter og anna som har store konsekvensar for naturmangfaldet og
- 708 store klimautslepp

709 **6.2 Energi**

710 To forhold medverkar til eit aukande behov for fornybar energi: eit stadig aukande
711 forbruk i delar av verda og overgangen frå fossile energikjelder til fornybare. Samtidig
712 må energipolitikken ta omsyn til natur, klima og kva krafta faktisk skal brukast til. I
713 Noreg treng vi ikkje mest mogleg kraftutbygging, men ein politikk for kva krafta skal
714 brukast til. Krafta må først gå til å kutte utslepp, sikre eksisterande industri og
715 arbeidsplassar og elektrifisere transport. Løysinga på kraftbehovet er ikkje å byggje ned
716 stadig meir natur. Vi må først redusere unødvendig energibruk, energieffektivisere og
717 utnytte krafta og infrastrukturen vi allereie har.

718 Ny fornybar energi må byggjast ut på naturen sine premissar og i størst mogleg grad på
719 allereie utbygde areal. Nye kraftkrevjande etableringar må vurderast ut frå kor mange
720 arbeidsplassar og kor stor verdiskaping dei gir, og kva dei kostar i kraft og natur. Å
721 avgrense og effektivisere den samla energibruken, særleg i dei rike delane av verda, er
722 avgjerande for å få ned klimautsleppa og sikre naturmangfaldet. Samtidig vil det vere
723 behov for meir fornybar energi. Difor må det satsast på fleire alternative kjelder som
724 ikkje krev store areal og øydelegg meir natur. Det må også satsast på tiltak som fangar
725 og lagrar karbon og på energikjelder som er berekraftige og ikkje har store negative
726 konsekvensar for miljø og samfunn.

727 **SV vil**

- 728 • prioritere energisparing og energieffektivisering før ny kraftutbygging

- 729 • prioritere solenergi på tak og eksisterande bygg, oppgradering av eksisterande
- 730 kraftverk og betre utnytting av nettet framfor nye naturinngrep
- 731 • seie nei til vindkraftverk i fjell og andre naturområde
- 732 • vurdere småskala vindkraftverk på industrialiserte område der det er lokalt
- 733 ønske om det
- 734 • seie ja til ei avgrensa utbygging av småkraftverk utan verknader for
- 735 naturmangfaldet
- 736 • seie nei til kraftutbygging i varig verna vassdrag
- 737 • seie ja til oppgradering av eksisterande vasskraftverk og nei til
- 738 effektoppgradering
- 739 • satse på flytande havvind og meir forskning på effektane ei slik utbygging kan ha
- 740 på norske marine økosystem
- 741 • bruke jord- og sjøkablar meir til overføring av kraft og i utbygginga av kraftnettet i
- 742 fylket
- 743 • arbeide for eit anna system for fastsetjing av pris på straum og kraft og frigjere
- 744 oss frå eit fullstendig marknadsbasert system der den som kan betale mest
- 745 avgjer prisen
- 746 • seie ja til kraftutveksling for å sikre tilgang på kraft i periodar, men seie nei til
- 747 fleire utanlandskablar
- 748 • vere positive til forskning og utvikling av ny kjernekraftteknologi og følgje
- 749 kunnskapsutviklinga om trygg energiproduksjon med små naturinngrep og låge
- 750 klimagassutslepp
- 751 • prioritere kraft til utsleppskutt, eksisterande industri og arbeidsplassar og ny
- 752 industri med høg verdiskaping i forhold til kraft- og arealbruk
- 753 • ikkje prioritere kraftkrevjande etableringar som gir få arbeidsplassar, har låg
- 754 verdiskaping eller krev store naturinngrep
- 755 • avgrense utbygginga av datasenter ut frå både energiforbruket og bruken av
- 756 natur

757 6.3 Klima

758 Klimautsleppa i Vestland har gått for lite ned. Trass i ambisiøse klimamål og stor satsing
 759 på grøn omstilling var utsleppa i 2024 berre litt lågare enn i 2009, og dei auka frå 2023 til
 760 2024. Skal Vestland nå klimamåla, må utsleppskutta skje langt raskare enn i dag.
 761 Industri, olje og gass står for om lag halvparten av dei direkte utsleppa i Vestland.
 762 Utsleppa frå sjøfart og luftfart har auka dei siste åra, medan vegtrafikk, avfall, avløp og
 763 energiforsyning er blant sektorane som har hatt størst nedgang. Gjennom prosjektet
 764 Grøn region Vestland har det vore satsa stort på omstilling, men så langt har ein ikkje
 765 lukkast med å få utsleppa nok ned.

766 Fylkeskommunen har sjølv stor påverknad gjennom kollektivtransport, fylkesvegar,
 767 bygg og innkjøp. Denne makta må brukast aktivt til å kutte utslepp. Vi har vist at det er
 768 mogleg å få til store utsleppskutt gjennom offentleg politikk. Då ferjene vart
 769 elektrifiserte, var ambisiøse krav og offentleg satsing med på å drive fram store
 770 utsleppskutt. No må vi ta neste steg. Hurtigbåtane må over på elektrisk drift, og me må

771 arbeide for nullutslepp frå skipstrafikken i verdsarvfjordane våre. Det viktigaste tiltaket
772 for å få ned klimautsleppa er samtidig å trappe ned olje- og gassutvinninga, som står for
773 dei største direkte utsleppa.

774 **SV vil**

- 775 • få all kollektivtrafikk over på elektrisitet, særleg hurtigbåtane
- 776 • arbeide for at alle hurtigbåtane skal vere over på elektrisk- eller batteridrift innan
- 777 utgangen av perioden
- 778 • sikre at staten følgjer opp det dei har lova om finansiering av utsleppsfrie
- 779 hurtigbåtar
- 780 • byggje vidare på erfaringane frå elektrifiseringa av ferjene og bruke offentlege
- 781 innkjøp aktivt for å drive fram grøn teknologi og utsleppskutt
- 782 • arbeide for nullutsleppskrav til skip i verdsarvfjordane våre og for at krava blir
- 783 skjerpa i takt med den teknologiske utviklinga
- 784 • stille klimakrav i samband med alle anbod
- 785 • at fylkeskommunen i eiga verksemd og i anbod, mellom anna for vegar og skular,
- 786 stiller krav til energieffektivitet, materialbruk, attvinning og minimale
- 787 klimautslepp
- 788 • at klimarekneskapen for ulike tiltak skal ha som mål netto nullutslepp gjennom
- 789 heile livsløpet, frå «fødsel til grav»
- 790 • trappe ned olje- og gassutvinninga

791 **6.4 Miljø**

792 Forureining og miljøskade trugar fjordar, vassdrag og økosystem i Vestland. Høgsterett
793 slo i juni 2026 fast at løyva til gruvedumping i Førdefjorden var ugyldige fordi dei var i
794 strid med vassforskrifta og EUs vassdirektiv. Dommen slår fast at natur og vassmiljø
795 ikkje kan forringast utan at strenge vilkår er oppfylte. Dommen må få konsekvensar
796 både for Førdefjorden og for framtidige saker som trugar fjordar, vassdrag og
797 økosystem.

798 Føre-var-prinsippet og prinsippet om at forureinar betalar må liggje til grunn for
799 miljøpolitikken. Nye industri- og hamneområde må vurderast ut frå den samla
800 belastninga frå utslepp til sjø, luft og grunn, støy, naturinngrep og risiko for miljøskade.
801 Kostnadene ved utslepp, opprydding og restaurering skal ikkje skyvast over på
802 fellesskapet. Ingen fjordar og vassdrag skal brukast som avfallsplass. Fleire utslepp og
803 inngrep må sjåast i samanheng. Eit nytt tiltak skal ikkje vurderast isolert dersom eit
804 område allereie er sterkt belasta.

805 **SV vil**

- 806 • at føre-var-prinsippet og prinsippet om at forureinar betalar skal liggje til grunn
- 807 for miljøpolitikken
- 808 • at nye industri- og hamneområde skal vurderast ut frå den samla belastninga frå
- 809 utslepp til sjø, luft og grunn, støy, naturinngrep og risiko for miljøskade

- 810 • at kostnadene ved utslepp, opprydding og restaurering ikkje skal skyvast over på
- 811 fellesskapet
- 812 • at ingen fjordar og vassdrag skal brukast som avfalls plass
- 813 • at fleire utslepp og inngrep skal sjåast i samanheng
- 814 • at nye tiltak ikkje skal vurderast isolert dersom eit område allereie er sterkt
- 815 belasta
- 816 • følgje opp Høgsterettsdommen om Førdefjorden og sikre at dommen får
- 817 konsekvensar for framtidige saker som trugar fjordar, vassdrag og økosystem

818

819

820 7 Næring og verdiskaping

821 7.1 Arbeid å leva av i heile Vestland

822 Vestland er eksportfylket. Verfta, prosessindustrien, havbruket, fiskeriet, landbruket og
823 reiselivet ligg her, og rundt Bergen har vi eit av dei sterkaste miljøa i landet innan marin
824 forsking, energi og helseteknologi. Vestlandet har opp mot 40 prosent av industrien i
825 landet, og Vestland er den dominerande regionen innanfor det. Det som blir gjort her,
826 får følgjer for heile landet.

827 Verdiane blir skapte av folk som går på jobb, og dei skal koma dei same folka og
828 lokalsamfunna deira til gode. Omstillinga av næringslivet er for viktig til å overlatast til
829 marknaden åleine. Fylkeskommunen er ein av dei største innkjøparane på Vestlandet,
830 forvaltar tilskot og løyve, avgjer kva som blir utdanna kvar, og er regional
831 planstyresmakt. Den makta skal brukast.

832 Vi skal byggja nye næringar og sikra sysselsetjinga, kutta utslepp og ta vare på
833 naturmangfaldet. Det krev store investeringar i nye næringar, fornybar energi og
834 infrastruktur — og det skal skje på naturen sine premisser.

835 7.2 Innkjøp med klimakrav byggjer framtidsretta industri

836 Batteriferjene er det beste dømet vi har på kva fylkeskommunal makt er verd. Det var
837 ikkje statleg politikk som bygde dei, og ikkje marknaden — det var krav i
838 fylkeskommunale anbodsdokument. Vestland stilte krav om nullutslepp, verfta og
839 leverandørane her fekk eit forsprang ingen andre hadde, og i dag er teknologien ein
840 eksportvare.

841 Vestland fylkeskommune har ansvaret for ferjer, hurtigbåtar og bussar i heile fylket,
842 byggjer skular, vegar og anlegg for milliardar, og kjøper varer og tenester til verksemder
843 over heile Vestland. Krava vi set, avgjer ikkje berre kven som får oppdraget. Dei skaper
844 ein marknad for uprøvd teknologi, og gjev bedriftene her eit forsprang dei kan selja

845 vidare. Det same gjeld arbeidsvilkåra: krav om lærlingar, fagarbeidarar og tariffavtale
846 avgjer om kontraktane våre byggjer opp eit seriøst arbeidsliv eller undergrev det.
847 Vestland har både seriøsitetskrav og klimakrav i innkjøpa sine, og dei er det verdt å slåst
848 for. Men dei gjeld ikkje likt overalt, og krav som ikkje blir følgde opp, er ikkje krav.

849

850 **SV vil:**

- 851 • halda fast på og vidareutvikla seriøsitetskrava i alle fylkeskommunale kontraktar, og
852 syta for at brot får konsekvensar.
- 853 • setja klimavekting og krav til lønns- og arbeidsvilkår høgare enn det nasjonale
854 minstekravet i alle fylkeskommunale innkjøp, og bruka same nivå i alle avdelingar.
- 855 • stilla krav om nullutslepp for alle nye ferjer og hurtigbåtar i Vestland.
- 856 • dela store kontraktar opp, slik at verft og leverandørar i Vestland kan konkurrera om
857 dei.
- 858 • skjerpa seriøsitetskrava med eit tak på talet på underleverandørledd, og senka
859 terskelen for kor store kontraktar som utløyser krav om lærlingar.
- 860 • syta for at fylkeskommunen sjølv er godkjend lærebedrift i alle fag.
- 861 • stilla krav om ein minsteandel ombrukte byggjemateriale i nye fylkeskommunale
862 bygg, og auka andelen etter kvart som meir materiale blir tilgjengeleg.
- 863 • bruka Leverandørutviklingsprogrammet aktivt saman med kommunane, slik at små
864 og mellomstore bedrifter i fylket blir i stand til å levera til det offentlege.
- 865 • utelukka selskap som er registrerte i skatteparadis.

866 **SV vil jobbe opp mot regjeringa for:**

- 867 • ei krav- og kompensasjonsordning for fylkeskommunale ferjer og hurtigbåtar med
868 nullutslepp, slik at staten dekkjer meirkostnaden ved dei krava fylket stiller.
- 869 • at det blir opna for å avvisa anbod frå selskap som bryt folkeretten.

870 **7.3 Industri**

871 Fornybar og kortreist kraft er ein føresetnad for at Noreg skal vera ein industrinasjon, og
872 eit strategisk fortrinn vi må bruka til å utvikla industri, teknologi og produktive
873 arbeidsplassar her.

874 Vestland er det største kraftproduserande fylket i landet. Likevel når ikkje krafta fram til
875 ny industri og næringsutvikling her — på grunn av nettkapasiteten, men òg fordi
876 straumen blir send ut av fylket og til oljeplattformene. Det utfordrar det grønne skiftet. I
877 dag får dessutan den som søkte først, uavhengig av kor mange som får jobb og kor
878 mykje natur det kostar.

879 Kompetansen frå olje- og gassindustrien er den same som skal byggja grøn skipsfart,
880 havvind og prosessindustri utan utslepp. Nullutsleppsløysingar er ikkje ei belastning for
881 industrien vår, men eit konkurransefortrinn — noko nullutsleppskrava i ferje- og
882 hurtigbåtanboda alt har vist. Difor vil SV både stimulera til omstilling og stilla klare krav.

883 Mineralressursane må kartleggjast, og dei må utvinnast med strenge miljøkrav,
884 resirkulering og gjenbruk. Sjødeponi høyrer ikkje heime i norsk mineralnæring.
885 Høgsterett kjende utsleppsløyyet for Førdefjorden ugyldig i juni 2026 — likevel held
886 deponeringa fram medan selskapet søker på nytt. Staten gav eit ulovleg løyve, tapte i
887 alle instansar, og konsekvensen for forureinaren blei null.

888 **SV vil:**

- 889 • ha ein fast regel for kva som blir kravd av store industrietableringar i fylket: ikkje
890 nedbygging av dyrka mark, myr eller verneverdig natur, ikkje føresetnad om ny
891 vindkraft på land, og tariffavtale frå første dag.
- 892 • prioritera i regional plan dei etableringane som gjev flest arbeidsplassar per
893 kilowattime, minst naturtap og størst utsleppskutt, slik at prioriteringa er kjend for
894 utbyggjarar og nettselskap før dei søker.
- 895 • styrkja Grøn region Vestland og dei industrielle hubbane, og krevja at industriell
896 symbiose faktisk blir realisert — at spillvarme, CO2, oksygen og restråstoff frå éi
897 verksemd blir råstoff for den neste, ikkje berre kartlagt som ein moglegheit.
- 898 • krevja at restmassane frå mineralutvinninga på Engebø blir utnytta til sement, ballast
899 og andre produkt slik hubben sjølv legg opp til, framfor å bli deponerte i Førdefjorden.
- 900 • krevja at deponeringa i Førdefjorden blir stansa, og leggja Høgsterettsdommen til
901 grunn i fylkeskommunen si eiga saksbehandling som planstyresmakt og høyringspart.
- 902 • støtta karbonfangst ved avfallsforbrenning i fylket, saman med kommunane og dei
903 interkommunale selskapa.
- 904 • utvikla materialgjenvinning og uttak av mineral frå allereie utvunne massar som
905 næring, framfor nye inngrep.

906 **SV vil jobbe opp mot regjeringa for:**

- 907 • eit forbod mot sjødeponi.
- 908 • å avvikla førstemann-til-mølla i krafttildelinga, og innføra prioritering etter
909 arbeidsplassar, naturtap og utsleppskutt.
- 910 • at nettkapasiteten blir bygd ut der industrien er, og at Vestland får att meir av verdien
911 av krafta som blir produsert her.
- 912 • langsiktige og føreseielege kraftavtalar for kraftforedlende industri.
- 913 • å vidareføra og finansiera punktutsleppsprogrammet for fastlandsindustrien, mellom
914 anna gjennom karbondifferansekontraktar.
- 915 • ei nasjonal ordning med differansekontraktar for produksjon av grønt hydrogen.

916 7.4 Havbruk, fiske og oppdrett

917 Dei viltlevande ressursane i sjøen høyrer til folket og skal komma lokalsamfunna langs
918 kysten til gode. Fjordfiskebestandane må forvaltast betre, og kystfiskeflåten treng eit
919 eige utviklingsprogram.

920 Trafikklyssystemet skal styra produksjonen av oppdrettsfisk. Fargen blir sett etter kor
921 mange av villaksungane som døyr av lakselus frå anlegga. Under 10 prosent gjev grønt
922 lys og løyve til vekst, mellom 10 og 30 prosent gjev gult, over 30 prosent gjev raudt og
923 krav om nedtrekk. Karmøy til Sotra har fått nedtrekk tre gonger på rad. Nordhordland til
924 Stad slapp så vidt unna i 2026, etter tre raude rundar før det. Systemet har altså slått
925 fast, gong på gong, at belastninga i Vestland er for høg.

926 Fiskedauden i anlegga er framleis eit stort problem. I 2025 døydde 14 prosent av laksen
927 i sjøen før han var slakteklar. Regjeringa har sjølv sett som mål at talet skal ned mot 5
928 prosent. Ingen kjenner den eksakte årsaka; sjukdom, lusebehandling og mekanisk
929 skade er nokre av faktorane.

930 Løysinga finst: oppdrett i sjø skal skje i lukka anlegg som samlar opp fôrspill og avføring,
931 slik at det som i dag går ut i fjorden, blir råstoff til ny industri.

932 Framtida for kysten ligg like mykje i det vi enno ikkje har bygd opp. Tare, skjel, krepsdyr
933 og andre lågtrofiske artar kan dyrkast utan fôr og utan medisin, og her er det
934 fylkeskommunen sjølv som tildeler løyva.

935 Det er heilt avgjerande å få akvakulturfeltet tilbake under politisk styring.

936 **SV vil:**

- 937 • bruka løyvemakta fylkeskommunen har til å prioritera tare, skjel, krepsdyr og andre
- 938 lågtrofiske artar, og byggja ut fagskuletilbodet desse næringane treng.
- 939 • stoppa bruk av urørt kystlinje til landbasert fiskeoppdrett.
- 940 • ikkje klarera nye lokalitetar i eller ved nasjonale laksefjordar.
- 941 • krevja at restråstoff frå havbruk og fiskeri blir teke på land og bearbeidd i fylket.
- 942 • styrkja mottaks- og foredlingsledda langs kysten, slik at meir av fisken blir bearbeidd
- 943 der han blir landa.

944 **SV vil jobbe opp mot regjeringa for:**

- 945 • at akvakulturfeltet kjem under kommunal og fylkeskommunal styring, og at kvar
- 946 einskild kommune sjølv kan bestemma om han vil tillata oppdrett.
- 947 • at all fiskeoppdrett skal skje i lukka anlegg innan 2035, der unytta fôr og avføring blir
- 948 samla opp og brukt vidare.
- 949 • at nye oppdrettskonsesjonar berre blir gjevne til nullutsleppsanlegg.
- 950 • eit tak på fiskedauden i oppdrettsanlegg med mål om at dauden skal ned mot 5
- 951 prosent, strengare krav til avlusing, og dyrevelferd som indikator i trafikklysordninga.

- 952 • å utvida og styrkja kystfiskekvoten, og skjerpa krava til fartøystorleik som får fiska
953 innanfor fjordlinjene.
- 954 • å erstatta dagens konsesjonssystem med eit system der nærleik til ressurs og
955 kompetanse avgjer tilgangen på rettar.

956 7.5 Reiseliv

957 Reiselivet er ei av dei største næringane i Vestland, og ei av dei mest skeivfordelte.
958 Nokre få stader tek imot svært mange besøkjande i nokre få månader, medan store
959 delar av fylket har ledig kapasitet heile året. Belastninga er konsentrert, sesongen er
960 kort, og mange av dei som arbeider i næringa, kan ikkje leva av henne.

961 Vestland SV vil ha eit reiseliv folk kan leva av heile året, i eit landskap det framleis er
962 verdt å reisa til. Kysten vår strekkjer seg frå Sunnhordland til Stad, med tusenvis av øyar,
963 sund og fjordar dei aller fleste turistar aldri ser. Småskala reiseliv spreidd langs heile
964 denne kysten og innover i bygdene — ro- og padleturisme, fotturar, sykkel og
965 overnatting i lokal regi — gjev arbeidsplassar der folk bur, og tek trykket av dei stadene
966 som ikkje toler meir.

967 Det krev at nokon ser fylket under eitt. I dag forhandlar kvar einskild kommune åleine
968 med ei næring som er langt større enn han sjølv, og kommunane konkurrerer mot
969 kvarandre om dei same skipa og dei same gjestene. Fylkeskommunen er den einaste
970 som kan sjå heilskapen, men har i dag få verkemiddel til å gjera det. Det må endrast.

971 **SV vil:**

- 972 • utarbeida ein regional reiselivsstrategi saman med kommunane, med mål for kor
973 mange besøkjande dei ulike delane av fylket kan ta imot, og korleis trafikken kan
974 spreiaast utover året og utover fylket.
- 975 • bruka reiselivsmidlane til småskala reiseliv langs kysten og i bygdene framfor store
976 enkeltanlegg.
- 977 • satsa på regionalparkar.
- 978 • krevja tariffavtale og ordna arbeidsvilkår i overnatting, servering og opplevingsnæring
979 ved fylkeskommunale innkjøp og tilskot.
- 980 • gjera kollektivtilbodet til ein del av reiselivstilbodet, slik at turistar kjem seg fram utan
981 bil.
- 982 • støtta kommunar som vil innføra besøksbidrag.

983 **SV vil jobbe opp mot regjeringa for:**

- 984 • at fylkeskommunen får reelle verkemiddel til å samordna reiselivsutviklinga mellom
985 kommunane, slik at ingen kommune står åleine mot næringa.
- 986 • at besøksbidraget blir utvida, slik at fleire kommunar kan innføra det, og slik at
987 inntektene òg kan brukast på kollektivtransport.

- 988 • strengare regulering av fisketurisme.

989 7.6 Landbruk og skogbruk

990 I Vestland er over 20 prosent av jordbruksarealet ute av drift. Store areal gror att, bruk
991 blir lagde ned, og landbruket si rolle i distriktsbusettinga minkar. Eit styrkt landbruk er
992 avgjerande for busetjinga i alle delar av fylket.

993 Det må løna seg å bruka dei ressursane vi har her: beite, utmark og eit klima som eignar
994 seg for grønsaker, frukt og bær. Framtidas landbruk må byggja jord, vera naturvenleg og
995 binda karbon. Bøndene må sikrast ei løn å leva av, og matjorda treng eit sterkare vern.

996 Kravet om eit ærleg talgrunnlag i jordbruksoppgjæret — med avkastning på all
997 eigenkapital og eit årsverk på 1700 timar — kom frå årsmøtet i Vestland SV, og står no i
998 arbeidsprogrammet til partiet. Det viser at fylkeslaget kan flytta nasjonal
999 landbrukspolitikkk når vi er konkrete nok.

1000 Vestland har variert kystskog som ved god skjøtsel gjev både tømmer, karbonopptak og
1001 vern mot vêr og vind. Skog skal bli til arbeidsplassar her, må nokon kjøpa det som blir
1002 hogge. Fylkeskommunen byggjer skular for milliardar i kvar periode, og kan sjølv avgjera
1003 kva desse bygga blir bygde av.

1004 Samtidig er kystnaturen vår i ferd med å bli endra av tre vi sjølve planta. Sitkagran og
1005 vestamerikansk hemlokk spreier seg no ukontrollert inn i kystlynghei, strandeng og
1006 andre raudlista naturtypar. Problemet er ikkje lenger nyplanting, som krev løyve i kvart
1007 einskilt tilfelle. Problemet er at ingen har ansvaret for det som alt har spreidd seg — og
1008 at det på øyar utan vegsamband kostar meir å ta trea ut enn tømmeret er verdt.

1009 **SV vil:**

- 1010 • følgja opp temaplan landbruk med midlar til rekruttering, kompetanseheving og
- 1011 investeringar på små og mellomstore bruk.
- 1012 • styrkja naturbruksutdanninga i fylket, slik at det finst folk til å ta over bruka.
- 1013 • bruka fylkeskommunens eigne matinnkjøp til å velja norsk, økologisk og
- 1014 lokalprodusert mat.
- 1015 • krevja bruk av tre og norsk trelast i fylkeskommunale byggjeprojekt.
- 1016 • prioritera beite, utmark og utvalde kulturlandskap i dei regionale ordningane
- 1017 fylkeskommunen forvaltar, og få tidlegare dyrka mark tilbake i drift.
- 1018 • bruka motsegn mot nedbygging av matjord.
- 1019 • utarbeida ein plan for å redusera klimaavtrykket frå vestlandsjordbruket, med
- 1020 utgreiing og støtte til karbonlagring i jord, slik som på Voss.
- 1021 • ta initiativ til eit program for fjerning av sitkagran, lutzgran og vestamerikansk hemlokk
- 1022 saman med Statsforvaltaren, kommunane og grunneigarane, der ryddinga blir
- 1023 prioritert der spreinga trugar kystlynghei og andre raudlista naturtypar.

- 1024 • la naturbruksutdanninga ta del i ryddearbeidet som praktisk opplæring.
- 1025 • arbeida for at støtta til skogsdrift blir tilpassa kystskogen, med taubanedrift framfor
- 1026 bygging av nye skogsvegar, gjennom kystskogsamarbeidet mellom
- 1027 fylkeskommunane.
- 1028 **SV vil jobbe opp mot regjeringa for:**
- 1029 • å auka sjølvforsyningsgraden til minst 50 prosent, korrigert for fôrimport.
- 1030 • at støttesystemet byggjer opp under produksjon i samsvar med dei naturgjevne
- 1031 føresetnadene i fylket, og at tilskota går til areal og beite framfor produksjonsvolum.
- 1032 • prioritering av støtte til små og mellomstore bruk, og betre ordningar for
- 1033 småskalaproduksjon av grønsaker, frukt og bær.
- 1034 • å halda fast på konsesjonsgrensa, slik at småbruk framleis kan vera heilårsbustader.
- 1035 • auka tilskot til økologisk drift, med mål om 20 prosent.
- 1036 • å sikra dyrevelferda i landbruket og styrkja arbeidet til Mattilsynet.
- 1037 • støtteordningar som stimulerer til investeringar som kuttar utslepp i landbruket.
- 1038 • ei eiga tilskotsordning for fjerning av framande bartre, som dekkjer den reelle
- 1039 kostnaden der tømmeret ikkje er verdt uttaket.
- 1040 • at det ikkje blir gjeve løyve til nyplanting av framande bartre i nærleiken av kystlynghei,
- 1041 strandeng, boreal hei og semi-naturleg myr.
- 1042 • å stoppa flatehogst i gjenverande naturskog, og innføra søknadsplikt for flatehogst
- 1043 slik at hogsten kan vurderast etter naturmangfaldlova kapittel II.
- 1044 • at flatehogst blir avvikla etter kvart som dagens einsaldra granfelt blir hogde og
- 1045 erstatta med fleiraldra blandingsskog.
- 1046 • å verna minst 10 prosent av skogen innan 2031.

1047 7.7 Tilskot, eigarskap og plan

1048 Fylkeskommunen deler ut tilskot til næringsutvikling kvart år, forvaltar forskingsmidlar,
1049 eig delar i ei rekkje selskap og er regional planstyresmakt. Dette er pengar og makt som
1050 alt ligg der. Spørsmålet er kva vilkår vi set, kven som blir prioriterte, og kva vi bruker
1051 eigarskapen vår til.

1052 Vestland har eit apparat for næringsutvikling som få andre fylke har — næringshagar,
1053 inkubatorar, klyngjer, regionale forskingsmidlar og industrielle hubbar. Men det krev
1054 ressursar å bruka det. Ei bedrift med fem tilsette har ikkje nokon til å skriva søknaden,
1055 og ein liten kommune har ikkje næringsrådgjevar til å hjelpa. Slik endar pengane hos dei
1056 som alt har apparat. Verkemidla skal vera til for dei som treng dei mest, ikkje for dei
1057 som er flinkast til å søkja.

1058 Areal er den knappaste ressursen vi har, og den einaste av dei store fylkeskommunen
1059 faktisk styrer over gjennom regional plan og motsegn. I dag regulerer kvar kommune

1060 næringsareal for seg, ofte i konkurranse med naboen om dei same bedriftene. Det
1061 byggjer ned meir natur enn nødvendig, og det endar med mange område der ingen har
1062 kraft, kai eller veg nok. Fylkeskommunen er den einaste som ser fylket under eitt. Då må
1063 vi bruka den rolla. Fylkeskommunen skal driva ein aktiv arealpolitikk for heile Vestland,
1064 ikkje berre samla innspela frå kommunane.

1065 **SV vil:**

- 1066 • samordna næringsarealet på tvers av kommunegrensene gjennom regional plan, slik
- 1067 at kommunane ikkje konkurrerer om dei same etableringane, og slik at det beste
- 1068 arealet til eit føremål blir brukt til det, uavhengig av kva kommune det ligg i.
- 1069 • arbeida for ordningar som gjer at kommunar som samarbeider om næringsareal,
- 1070 deler på inntektene frå etableringane.
- 1071 • prioritera grå areal og allereie utbygde område framfor nye inngrep når næringsareal
- 1072 skal peikast ut.
- 1073 • bruka arealrekneskapen aktivt i planarbeidet, og krevja at kommunane fører
- 1074 arealrekneskap.
- 1075 • laga kystsone- og marine arealplanar som sikrar naturverdiar, tilgang til strandsona
- 1076 og areal til marine næringar.
- 1077 • bruka motsegnretten aktivt mot nedbygging av dyrka mark, myr og strandsona.
- 1078 • setja tydelege vilkår for fylkeskommunale tilskot: tariffavtale eller dokumentert ordna
- 1079 løns- og arbeidsvilkår, lærlingar, klimakrav og universell utforming.
- 1080 • prioritera samvirke, arbeidstyrte bedrifter og lokalt eigarskap i tilskotskriteria.
- 1081 • styrkja næringshagar, inkubatorar og klyngjer, og syta for at verkemiddelapparatet er
- 1082 tilgjengeleg òg i dei minste kommunane.
- 1083 • bruka Regionalt forskingsfond Vestland og FORREGION til å mobilisera små og
- 1084 mellomstore bedrifter til forskning, med prioritet til marine næringar, prosessindustri
- 1085 og energi.
- 1086 • samarbeida tett med universitet, høgskule, forskingsinstitutt og
- 1087 Havforskinsinstituttet om å gjera forskning til arbeidsplassar i fylket, og arbeida for at
- 1088 Høgskulen på Vestlandet held på studiestadene sine utanfor Bergen.
- 1089 • stilla dei same krava til løn, arbeidsvilkår, openheit og klima i selskapa
- 1090 fylkeskommunen eig som i eiga verksemd.
- 1091 • trekkja Vestland fylkeskommune ut av eigarskapet i lobbyselskapet
- 1092 Stavanger2Bergen AS.

1093 **SV vil jobbe opp mot regjeringa for:**

- 1094 • differensierte støtteordningar som tek omsyn til geografi, slik at distrikta ikkje taper i
- 1095 konkurransen om nasjonale midlar.

1096 7.8 Energi til næringslivet

1097 Ein offensiv klimapolitikk må byggja på energisparing og energieffektivisering. Den
1098 billegaste og reinaste kilowattimen er den vi ikkje brukar. Fylkeskommunen eig
1099 vidaregåande skular, tannklinikkar og administrasjonsbygg over heile Vestland, og kan
1100 gå føre med enøk, solkraft på tak og energibrønner i eigen bygningsmasse.

1101 Samtidig er arealendring den største trusselen mot naturmangfaldet. Auka
1102 kraftproduksjon kan ikkje skje på ein måte som forsterkar naturkrisa i andre enden.
1103 Klimakrisa og naturkrisa må sjåast og løysast i samanheng.

1104 **SV vil:**

- 1105 • at naturvern og energiøkonomisering skal vera førande for gjennomføringa av regional
1106 plan for fornybar energi.
- 1107 • setja tydelege mål for energisparing i fylkeskommunens eigen bygningsmasse i
1108 perioden.
- 1109 • byggja ut solkraft på tak og fasadar, varmepumper, bergvarme og energilagring i
1110 fylkeskommunale bygg.
- 1111 • støtta energiøkonomisering i næringslivet og jordbruket gjennom rettleiing og
1112 verkemiddelapparatet.

1113 **SV vil jobbe opp mot regjeringa for:**

- 1114 • å modernisera og oppgradera eksisterande vasskraftverk framfor nye utbyggingar.
- 1115 • å avslå søknadar om kraftutbygging i verna vassdrag, medrekna småkraftverk.
- 1116 • skjerpa krav om minstevassføring og fysiske tiltak for betre miljø i regulerte elvar.
- 1117 • ei meir offensiv satsing på flytande havvind, og nei til bunnfaste anlegg nær kysten.
- 1118 • at oljenæringa sjølv må skaffa krafta til sokkelen gjennom havvind, framfor
1119 elektrifisering med kraft frå land.
- 1120 • at fornybar energi som tek i bruk felles naturressursar, skal liggja under demokratisk
1121 eigarskap.
- 1122 • meir bruk av jord- og sjøkabel i overføring og utbygging av kraftnettet i Vestland.

1123

1124 8 Arbeidsliv

1125 Eit organisert arbeidsliv med sterke fagforeiningar, faglege rettigheter og tariffavtalar er
1126 avgjerande for å utjamne maktforholda i arbeidslivet og hindre utnytting av arbeidsfolk.

1127 SV jobbar for eit rettferdig, trygt, inkluderande og demokratisk arbeidsliv med høy
1128 organisasjonsgrad og små lønns forskjellar .

1129 8.1 Medbestemming, tillitsreform og attraktive arbeidsplassar

1130 Utan omfattande medbestemming for dei tilsette er det umogleg å sikre gode offentlege
1131 tenester. Vi er avhengig av trygge tilsette med høg kompetanse for å sikre kvalitet i det
1132 fylkeskommunen leverer til innbyggjarane, enten det er utdanning, tannhelsetenester,
1133 kulturtilbod eller kollektivtransport. Da må vi gi tilsette friheit til å utøve faglig skjønn og
1134 skape attraktive arbeidsplassar med gode vilkår for alle som jobbar i fylkeskommunen.

1135 **SV vil:**

- 1136 • styrke partssamarbeid og medbestemming i fylkeskommunen, blant anna ved å
1137 sikre at tillitsvalde involverast tidleg og reelt i beslutningsprosessar som angår
1138 tilsette sitt arbeidsforhold, organisering og drift av fylkeskommunen sine
1139 tenester
- 1140 • ha faste, heile stillingar og ei fylkeskommunal vikarteneste for å dekke
1141 vikarbehov
- 1142 • gi overtidstillegg til tilsette i fylkeskommunen som jobbar meir enn
1143 stillingsprosenten sin
- 1144 • gjennomføre ein tillitsreform som styrker dei tilsette sin medbestemming, gir
1145 friheit til å utøve fagleg skjønn og reduserer tida som blir brukt på rapportering
- 1146 • bekjempe aukande lønns forskjellar i fylkeskommunen, blant anna gjennom å
1147 stoppe lønnskarusellen blant direktørar og leiarar og jobbe for sentral
1148 lønnsdanning som sikrar lønnsvekst til alle
- 1149 • sikre reell likelønn mellom kvinne- og mannsdominerte yrker, og gi lik lønn for likt
1150 og likeverdig arbeid i fylkeskommunen
- 1151 • gi alle tilsette tilbod om kompetanseutvikling gjennom heile tilsettingssforholdet
- 1152 • bruke tilsette sin kompetanse aktivt til å utvikle dei fylkeskommunale tenestene
1153 gjennom medarbeiderdrive innovasjon
- 1154 • arbeide for at fylkeskommunen blir godkjent lærebedrift i alle fag og tar inn fleire
1155 lærlingar

1156

1157 8.2 Inkluderande arbeidsliv

1158 SV jobbar for eit arbeidsliv som inkluderer alle som kan og vil jobbe, og eit trygt og
1159 helsefremjande arbeidsmiljø for alle arbeidsfolk. Dessverre er det altfor mange som får
1160 helse øydelagt av dårlege arbeidsforhold, og for mange med helseplager som ikkje får
1161 sjansen til å bidra i arbeidslivet så mykje som dei kan og ønskjer. Personar med
1162 minoritetsbakgrunn blir utsett for diskriminering i arbeidslivet, og har mindre sjanse for
1163 å bli kalla inn til jobbintervju. Her kan fylkeskommunen gjere ein forskjell, både ved å ta
1164 vare på egne tilsette og ved å gi personar som slit på arbeidsmarknaden moglegheit til å
1165 få meningsfylt arbeid.

1166 **SV vil:**

- 1167 • samarbeide aktivt med fagforeiningar og vernetenesta for å sikre eit
- 1168 helsefremjande arbeidsmiljø for alle som jobbar i fylkeskommunen.
- 1169 • intensivere arbeidet med å gi fylkeskommunen sine tilsette ein trygg
- 1170 arbeidskvardag fri for rasisme, truslar og vald.
- 1171 • at minst ein kvalifisert søkar med minoritetsbakgrunn skal inviterast til
- 1172 jobbintervju når det skal rekrutterast til ledige stillingar i fylkeskommunen
- 1173 • sikre god grunnbemanning og opplæring på alle fylkeskommunen sine
- 1174 tenesteområde.
- 1175 • etablere eit samarbeidsprosjekt mellom fylkeskommunen, NAV og private og
- 1176 offentlege verksemder i hele fylket som har behov for arbeidskraft der målet er å
- 1177 gi fleire personar med redusert arbeidsevne og hull i CV-en relevante
- 1178 opplæringstilbod og fortrinnsrett til stillingar dei er kvalifisert for
- 1179 • arbeide for at det blir fleire attføringsplassar og varig tilrettelagte arbeidsplassar i
- 1180 fylkeskommunen.

1181

1182 8.3 Mot konkurranseutsetting og privatisering, meir eigenregi

1183 SVs utgangspunkt er at alle fylkeskommunale tenester skal drivast i eigenregi med egne
1184 tilsette. Konkurranseutsetting og privatisering er eit angrep på tilsette sine pensjonar,
1185 lønns- og arbeidsvilkår. Velferd og samfunnsmessig infrastruktur bør finansierast,
1186 vedlikehaldast og drivast i offentlig regi. Alle skattepengar som finansierer velferd skal

1187 brukast på å sikre og forbetre velferdstenester, og ikkje til å gjere enkeltpersonar og
1188 selskap rikare. SV jobbar derfor mot konkurranseutsetting og privatisering av offentlege
1189 tenester. Tenester som i dag er på anbod vil SV ta tilbake i fylkeskommunal regi, enten
1190 det gjelder reinhald, eller drift og vedlikehald i kollektivtransporten.

1191 **SV vil:**

- 1192 • sei nei til konkurranseutsetting og privatisering
- 1193 • arbeide for å få fleire oppgåver tilbake i fylkeskommunal regi, som drift og
1194 vedlikehald av Bybanen
- 1195 • at alle som jobbar som reinhaldarar i fylkeskommunale bygg skal få tilbod om å
1196 bli tilsett i fylkeskommunen
- 1197 • gå imot etablering av fleire private vidaregåande skuler for å sikre eit godt
1198 offentleg skuletilbod i hele fylket
- 1199 • at tilsette skal få tilbod om jobb i fylkeskommunen når tenester blir tatt tilbake i
1200 fylkeskommunal regi, i samsvar med regelverket om verksemdsoverdraging.

1201

1202 **8.4 Seriøsitet i arbeidslivet og kamp mot sosial dumping**

1203 Eit organisert og seriøst arbeidsliv er den fremste garantien for eit samfunn med
1204 rettferdig fordeling, små økonomiske forskjellar og gode velferdsordningar for alle
1205 uavhengig av personleg økonomi. Fylkeskommunen har derfor eit ansvar ikkje berre for
1206 å sikre gode arbeidsvilkår for eigne tilsette, men også for å støtte opp om dei seriøse
1207 aktørane i privat sektor for å bekjempe sosial dumping og utnytting av arbeidsfolk. Når
1208 fylkeskommunen skal kjøpe varer og tenester fra private aktørar, er det derfor viktig at
1209 fylket stiller tydelege krav.

1210 **SV vil:**

- 1211 • samarbeide med fagrørsla for å fremme eit trygt og seriøst arbeidsliv i hele fylket
- 1212 • at elever på alle vidaregåande skular skal få besøk av fagforeiningar og få
1213 undervisning om betydinga av fagorganisering
- 1214 • forsterke seriøsitetskrava i alle kontraktar fylkeskommunen inngår ved kjøp av
1215 varer og tenester, gjennom blant skulekrav om lærlingar, fagarbeidarar og

- 1216 tarifføløn mellom oppdrag, og ved å avgrense tillet underleverandørar. Kontrollen
- 1217 med at forpliktingane overhaldast må styrkast
- 1218 • at fylkeskommunen skal vere ein pådrivar for miljø- og klimavennlege løysingar
- 1219 gjennom tydelege krav i alle kontraktar med private leverandørar, og premiere
- 1220 aktørar som leverer dei beste miljø- og klimaløysingane
- 1221 • endre fylkeskommunen sine anbudsregime slik at kvalitet, kompetanse,
- 1222 arbeidsvilkår, HMS (helse, miljø og sikkerheit), klima og miljø vektast tyngre enn i
- 1223 dag, og at lokalt næringsliv får reelle moglegheiter til å konkurrere
- 1224 • styrke finansieringa av og samarbeidet med Fair Play bygg og anlegg Vestland for
- 1225 å fremme seriøsitet og motverke arbeidslivskriminalitet i bygg- og
- 1226 anleggsbransjen
- 1227 • stille krav om tariffavtale for overnattings-, serverings- og cateringverksemdar
- 1228 som brukast av fylkeskommunen
- 1229